



## PEDAGOGISK PLAN FOR 2021-2024

### Tjemslandshagen barnehage



Planen synleggjer satsingsområde, korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utviklinga av den pedagogiske verksemda.

## **Trygt å vere – kjekt å lære**

Som ei innleiing til denne planen startar vi med vår visjon, trygt å vere – kjekt å lære. Grunnlaget for vårt arbeid i barnehagen er nedfelt i barnehagelova og rammeplanen. Barndommen skal ha ein eigenverdi og vi skal leggje til rette for at barna skal få oppleve god omsorg, danning, leik og læring i samarbeid med heimen. Vi arbeider for at barnehagen først og fremst skal vere ein stad der barnet er trygt og har det godt. Når barnet er trygt kjem leiken, læring og danninga gjennom trygge og reflekterte vaksne som legg gode ramar for demokrati, medverknad, leik og læring.

I tillegg vil vi fortsetje vårt fokus på barnas sikkerheit gjennom gode sikkerheitsrutinar og regelmessige vurderingar. Vi nyttar kompetansen hos ulike samarbeidsaktørar som har fokus på opplæring og opplysningsarbeid til både barn, foreldre og tilsette i barnehagen.

## **Verdigrunnlaget**

Vi ser på verdigrunnlaget som ein grunnmur for vårt pedagogiske arbeid. Vår maskot er ein frosk og vårt verdigrunnlag er basert på bokstavane i FROSK.

Fellesskap | Respekt | Omsorg | Samarbeid | Kunnskap

I denne perioden skal vi arbeide for å innarbeide verdiane som pregar vårt arbeid enda betre inn i satsingsområda. På den måten vert verdigrunnlaget formidla, praktisert og opplevd i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

## **Satsingsområde – Miljø og mat**

Vi har sidan oppstart hatt ulike satsingsfelt i barnehagen: musikk, friluftsliv, fysisk fostring, leik, matematikk i kvardagen, sosial kompetanse, IKT og mat og helse. I denne perioden skal vi utvikle vår kompetanse på miljø og mat.

### **MILJØ**

Miljø betyr ytre livsvilkår, i vårt arbeid med miljø vil vi fordjupe oss i ulike aspekt ved miljø og reflektera saman med barna kva ulike miljø har å seie. Miljø er ei side av berekraftig utvikling, som vert ein naturleg del av dette satsingsområdet. Vi arbeider for gode verdiar slik at vi får ein praksis som er meir berekraftig. Miljø kan også handle om menneskelege miljø som er ein viktig del av barnehagekvarden. Eksempel på dette er leikemiljø og vennemiljø.

### **MAT**

Vi forsett med satsing på mat, men i denne perioden sett vi meir fokus på kor maten kjem ifrå. Vi vil dyrke mat sjølv, og bruke nærområdet til å verte meir kjent med maten som veks naturleg og vert produsert her. I dette satsingsområdet vil vi også gjennom eit berekraftig perspektiv ha fokus på gjenbruk, matglede og matsvinn.

### **SAMARBEID MED HÅ KOMMUNE**

I det pedagogiske arbeidet vårt samarbeider vi tett med kommune, og bruker *Kvalitetsplan for barnehagen* i Hå kommune. Den har fokus på å auke personalet sin kompetanse ut i frå dei nivå dei er på. Kvalitetsplanen legg opp til eit fokusområde for kvart barnehageår, der felles planleggingsdagar, leiarsamlingar, kurs og kompetanseheving er knytt til dette området. Gjennom samarbeidet med kommunen vil også det kommunale satsningsområdet jobbast med i Tjemslandshagen barnehage. Styrar deltar i styrarmøte med dei andre barnehagane i kommunen, og i mindre nettverksgrupper med styrarar i andre barnehagar.

Fokusområda i kvalitetsplanen er knytt til desse hovudpunktene: Barns psykiske helse, Leiing i alle ledd, godt språkmiljø og inkluderande barnehagemiljø. Vi opplev samarbeidet med kommunen som verdifullt, og derfor ynskjer vi å flette kommunens satsingsområder saman med våre for å spisse oss enda meir i vårt pedagogiske arbeid.

## ARBEIDSOMRÅDE

Vi har utarbeidd fire arbeidsområder med mål for denne perioden. Dette har blitt gjort i ein prosess sammen med SU, heile personalet og pedagogane. Arbeidsområda er ein prosessplan. Det vil seie at vi kan endre mål og prosessen viss vi ser at det kan vera lurt å ta ein annan retning, men denne er ment til å hjelpe oss til å tenke langsiktig i det pedagogiske arbeidet. Våre arbeidsområder for desse fire åra er

### Barns psykiske helse i uterommet

Prosessmål:

1. Lage eit godt fysisk miljø ute
2. Bruke meir tur og natur i det pedagogiske arbeidet.

### Leiing i alle ledd – leiing av kreative prosessar i leikemiljøet.

Prosessmål:

1. Skape kunnskap og refleksjon om møteplassar i det fysiske miljø
2. Utarbeide eit levande, kreativt og innbydane leikemiljø

### Matmot i eit godt språkmiljø

Prosessmål:

1. Barna må kunne vite, smake og kjenne – vi arbeider for å verte meir kjent med eigne smakar
2. Bruke bøker til å utarbeide eit rikt språkmiljø i barnehagen

### Eit inkluderande barnehagemiljø – «Fra jord til bord der vi bor».

Prosessmål:

1. Lære meir om lokalmat og få kjennskap til matens reise
2. Arbeide med sesongmat i eit samfunnsperspektiv

## Plan for kompetanseheving

### ARBEIDSMÅTAR

Val av arbeidsmåtar opnar for å gjøre innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåtane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gje rom for å tilføre nye erfaringar og opplevelingar i barnehagen. I kompetansehevingsarbeidet skal vi vere ein lærande organisasjon. Vi brukar praksisfellesskapet vårt til refleksjon gjennom observasjon og vegleiring. Styrar set opp datoar og innhald for personalmøte og planleggingsdagar for komande barnehageår, der vi sett av tid til fagleg refleksjon og diskusjon av vårt pedagogiske arbeid. På den måten arbeider vi for at alle er med og bidrar inn i det pedagogiske arbeidet.

## **Prosjektarbeid**

I det daglege arbeidet med barna brukar vi prosjektarbeid for å sikre at barns stemme vert hørt inn i det pedagogiske arbeidet.

- I august brukar vi tid på å verte kjende med barna og finne ut kva dei interreserer seg for.
- I september/oktober starter vi prosjektarbeidet med barna som prosjektledere, der vår rolle som vaksne er å legge til rette for god refleksjon, kreativitet og improvisasjon. Vi stimulerer barnas undring og evne til å stille spørsmål. Oppdager, fyljer opp og utvider det barna er opptatt av.
- I januar/februar velger vi saman med barna eit område vi ynskjer å fordjupe oss meir i.
- I april/mai går vi mot ein avslutning av prosjektet der vi gjentar og tilbakekaller det vi har arbeidd med i løpet av året.

Vi arbeider tverrfagleg og heilskapleg og ser dei ulike delane i rammeplanen i samanheng. Vi brukar også digitale verktøy til å utforske i prosjektarbeidet, vi lærar om korleis vi kan bruke verktøya i skapande prosessar. Vi bruker dokumentasjon som prosjektbok for å sikre at vi arbeider med alle områda i rammeplanen og at alle barn får sin stemmme inn i prosjektarbeidet.


## **FORELDRESAMARBEID**

Det formelle samarbeidet består av styret i barnehagen, foreldrerådet/årsmøtet og samarbeidsutvalget. Vi arbeider også for at kvar enkelt av foreldra skal ha ein tilhøyrsla til barnehagen, og at dei har moglegheit til å bidra og påverke det daglege arbeide i barnehagen. Dette gjer vi gjennom dagleg samarbeid og faste foreldresamtaler.

## **MØTEVERKSEMD**

Vi har eit personalmøte på tre timer pr. månad. I dette møtet er ein time avsett til avdelingsmøte. Dette møtet er for heile personalet, på kveldstid. Her legg vi opp til felles vegleiring i ulike faggrupper, evaluering av prosjektarbeida og anna fagleg arbeid for å heve kompetansen. Det er pedagogisk leiarmøte ein time kvar veke. Kvar månad er det møte mellom verneombod og styrar. 3-4 gongar årleg er det pedagogmøte for å legge langsiktige planer, gjennomføra vurderingar/ drøftingar og kollegavegleiring. Sosialpedagogisk møte vert halde 4 gonger i året, i tillegg vert det kalla inn ved behov. Barnehagen har også fem planleggingsdagar på eit år der vi arbeider med kompetanseheving.

## **Vedlegg: Årsplan**



Er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer val og grunngivingane vi har gjort for det året. Her står det spesifikke mål for arbeidet det året og progresjonen i arbeidet vårt gjennom året. Årsplanen vert årleg revidert og godkjent av Samarbeidsutvalet